

Utkast til konsesjonsvilkår for Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene

1 Konsesjonshavarens ansvar

Statkraft Energi AS (org 987 059 729) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassane i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassane er til privat bruk, og kan brukast berre etter særskilt løyve frå konsesjonshavar. Konsesjonshavar pliktar å gjere brukarar av landingsplassen kjende med konsesjonsvilkåra. Kravet om løyve gjeld ikkje flyging i samband med militær-, politi-, ambulanse, brann-, søke- og redningsoppdrag.

Konsesjonen gjeld i fem år frå 29. august 2025, dvs. til 29. august 2030, og for eit samla trafikkomfang på 13.000 flyrørsler i konsesjonsperioden for begge landingsplassane. Høyanger helikopterplass, Fjellvegen kan likevel bere bli brukt i ein periode på 3 månader innanfor konsesjonsperioden. Høyanger helikopterplass, Ekrene kan bere bli brukt i ein periode på 15 månader innanfor konsesjonsperioden.

Eit høgare trafikkomfang føreset at konsesjonen vert endra. Konsesjonshavar skal loggføre talet på flyrørsler på landingsplassen, der dato og tidspunkt for flyginga kjem fram. Luftfartstilsynet kan bestemme at det skal senda inn trafikkdata for landingsplassane. Landingsplassen skal i primært brukast til fjerning av vassdragsanlegg.

Landingsplassen kan brukast alle dagar mellom kl. 0700 og kl. 1900, utanom helge- og heilag dagar, med mindre det vert operative restriksjonar fastsette igjennom ein eventuell teknisk og operativ godkjenning, jf. luftfartslova § 7-11.

Militær-, politi-, ambulanse, brann-, søke- og redningsoppdrag kan tillatast også utanfor opningstida.

3 Miljøkrav

Konsesjonshavar har ansvaret for at det vert utarbeidd inn -og utflygingstrasear i samarbeid med lokale styremakter.

4 Endring av konsesjonen og dispensasjon frå konsesjonsvilkår

Konsesjonshavar skal varsle luftfartsstyresmakta om fysiske og juridiske endringar knytt til landingsplassen, og om større endringar i bruket. Varslingsplikta gjeld mellombelse eller varige endringar av ein slik karakter at det kan ha noko å seie for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn i luftfartslova § 7-6, første ledd.

Varslinga må skje i rimeleg tid før endringa vert ynskt gjennomført, slik at luftfartsstyremakta kan avgjere om ny konsesjonsbehandling er påkravd.

Luftfartsstyresmakta kan i særlege tilfelle dispensere frå konsesjonsvilkåra.

5 Kompetansen til Luftfartsstyresmakta

Luftfartsstyresmakta kan endra konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luftfartsstyresmakta kan gi pålegg om straffegebyr til statskassen til den som driv eller har landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra under punkt 2 og 3 over.

Konsesjonen kan kallast tilbake dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavarens verksemd, på vesentleg måte vert broten under utøving av verksemda.